

Vedtekt for Ung kirkesang

Vedteken på Landsmøte 31. august 1997,
med endringar frå Landsmøte 18. april 1999, 22. april 2001,
17. april 2005, 21. april 2007, 18. april 2009, 22. april 2013 og 21. april 2017.

§ 1 NAMN

- 1.1 Namnet på organisasjonen er Ung kirkesang.

§ 2 FORMÅL

- 2.1 Ung kirkesang har som formål å bevare og fornye kyrkjesongen og arbeide for at barn og unge får opplæring i song, kyrkjemusikk og liturgi.
- 2.2 Ung kirkesang skal drive trusopplæring, vaksenopplæring og studiearbeid.

§ 3 DEMOKRATI

- 3.1 Ung kirkesang er ein demokratisk organisasjon som arbeider for å fremje medlemmane si deltaking og innflyting i organisasjonen, i kyrkja og i samfunnet.
- 3.2 Ung kirkesang består av stiftsforbund i dei einsskilte bispedømme, samt Musica Sacra.

§ 4 MEDLEMSKAP

- 4.1 Ung kirkesang organiserer barne- og ungdomskor og andre lag som syng og spelar i kyrkjeleg samanheng.
- 4.2 Medlemmene av Ung kirkesang kan være medlemmer, leiarar og andre som er tilslutta lag og kor, som nemnt i §4.1, som arbeidar i samsvar med §2.
- 4.3 Einskildpersonar teiknar medlemskap gjennom lag i Ung kirkesang. Individuell betaling av årskontingent konstituerer medlemskap.
- 4.4 Lag i Ung kirkesang skal være demokratisk oppbygd og skal sikre alle medlemmer over 12 år demokratiske rettar og plikter. Det skal arbeidast for at alle medlemmer, også dei som er yngre enn 12 år, får innflyting, til dømes gjennom å bli tekne med på råd, foreldrestyre, e.l.
- 4.5 Medlemskap blir oppretta ved at laga sender innmelding med vedtekt, oversyn over styre og betalende medlemmer i laget til sekretariatet. Alle lag skal ha styre valt av og blant medlemmene, eventuelt blant foreldra til medlemmer under fylte 12 år.
- 4.6 Laget blir tilslutta det stiftsforbundet der det geografisk har si hovudverksemd.
- 4.7 Musica Sacra er rekna som medlemslag og sjølvstendig stiftsforbund.

§ 5 KONTINGENT

- 5.1 Medlemskontingenten til Ung kirkesang sentralt og til stiftsforbunda blir fastsett av Landsmøtet.
- 5.2 Laga krev inn kontingent frå medlemmene.
- 5.3 Sentral kontingent skal krevjast inn for kvart medlem ein gong kvart kalenderår, og skal vidarebetalast saman med stiftskontingent til sekretariatet i organisasjonen innan 1. november.

- 5.4 Stiftskontingenten blir betalt vidare til stiftforbunda innan 1. desember.
- 5.5 Medlemslaga leverer medlemslister med namn, adresser og fødselsdato for kvart medlem samtidig med at forbundskontingenten blir betalt.

§ 6 LEINGA I FORBUNDET

- 6.1 Ung kirkesang vert leia av:
- A. Landsmøtet
 - B. Landsstyret

§ 6 A LANDSMØTET

6.A.1 Landsmøtet er Ung kirkesang sitt øvste organ. Det er ordinært landsmøte annakvart år, i oddetalsår. Landsmøtet er sett saman av representantar frå stiftsforbunda samt medlemmene i landsstyret.

6.A.2 Styremedlemmene i landsstyret deltar ikkje i landsmøtet si handsaminga av Ung kirkesang sine årsmeldingar og årsrekneskap utover det å gi svar og komme med supplerande opplysningar til desse sakene når det er nødvendig. Elles deltar landsstyremedlemmene i landsmøtet med tale-, forslags- og røysterett.

6.A.3 Kvart stiftsforbund kan sende 2 representantar til landsmøtet:

I tillegg kan stiftsforbund med:

- frå 15 til 25 medlemslag sende 1 representant i tillegg, altså 3 representantar
- frå 26 til 50 medlemslag sende 2 representantar i tillegg, altså 4 representantar
- meir enn 50 medlemslag sende 4 representantar i tillegg, altså 6 representantar

Kvar representant har 1 stemme.

Styret i kvart stiftsforbund skriv ut fullmakt for sine representantar. Fullmaktene skal være innlevert til sekretariatet før opninga av landsmøtet.

Dersom eit stiftsforbund er mellombels ute av verksemd, kan medlemslaga i vedkommande stift velje representantar til landsmøtet.

6.A.4 Medlemslag i Ung kirkesang kan sende observatørar til landsmøtet. Observatørar må vere betalande medlemmer og møter på landsmøtet med talerett, men utan forslags- og røysterett. Observatørar må ha med fullmakt frå koret, og ha innbetalt landsmøtekontingent på førehand, for å få nytta taleretten.

6.A.5 Dato for ordinært landsmøte blir fastsett av landsstyret og blir meddelt stiftsforbunda innan 6 - seks - månader før møtedato.

6.A.6 Innkalling skal sendast til stiftsforbunda med minst 1 månads varsel. Med innkallinga følgjer bl. a.:

- a) sakliste
- b) styret sine årsmeldingar
- c) rekneskap
- d) valnemnda sitt forslag
- e) Ung kirkesang sitt handlingsprogram
- f) budsjett
- g) andre saksdokument

6.A.7 Ønskjer medlemmene i Ung kirkesang spesielle saker handsama på Landsmøtet, blir sakene fremja gjennom stiftsforbunda. Slike forslag må være komme til Landsstyret seinast 2 månader før landsmøtet.

Når det gjeld forslag til endring i vedtekta, gjelder i tillegg § 10.

- 6.A.8 Ordinært landsmøte fungerer etter særskilt vedteken "forretningsorden", og skal bl. a. behandle:
- a) styret sine årsmeldingar
 - b) revidert rekneskap
 - c) Ung kirkesang sitt handlingsprogram
 - d) budsjett
 - e) val av leiar
 - f) val av 6 medlemmer og 3 varamedlemmer til landsstyret
 - g) val av leiar og 2 medlemmer til valnemnda.
 - h) val av revisor
 - i) kontingentsaker
 - j) andre saker, jfr. bl.a. pkt. 6.A.6

6.A.9 Generalsekretæren har innstillings- tale- og møterett i landsmøtet.

EKSTRAORDINÆRT LANDSMØTE

6.A.10 Ekstraordinært landsmøte blir innkalla dersom minst 2 stiftforbund eller landsstyret krev det. Fastsetjing av møtedato skjer av landsstyret, likevel slik at ekstraordinært landsmøte vert halde seinast 2 månader etter at krav om det er handsama av landsstyret.

Når det gjeld representasjon m.v. gjeld pkt. 6.A.3, 6.A.6 og 6.A.8 så langt dei måtte passe også for ekstraordinære landsmøte.

§ 6 B LANDSSTYRET

6.B.1 Landsstyret er Ung kirkesang sitt høgaste organ i perioden mellom landsmøta, jfr. pkt. 6.A.1.

Landsstyret sine medlemmer og varamedlemmer skal veljast blant medlemmene i Ung kirkesang. Valperioden for leiar og styremedlemmer er 2 år.

Landsstyret er sett saman slik:

Leiar
6 medlemmer
3 varamedlemmer

6.B.2 Landsstyret, som konstituerer seg sjølv med nestleiar og arbeidsutval, skal halde regelmessige møte.

6.B.3 Landsstyret

- a) koordinerer arbeidet i forbundet,
- b) representerer Ung kirkesang
- c) førebur landsmøta og gjennomfører landsmøtets vedtak
- d) oppnemner nødvendige underutval for bestemte oppgåver
- e) fremjar gode kontaktar til kyrkjelege organ og andre samarbeidsparter
- f) handsamar og legg fram årlige budsjett
- g) godkjenner stiftforbunda sine vedtekter
- h) tilset generalsekretær, og fastset instruks for denne.

6.B.4 Det blir ført møteprotokoll for alle møte i landsstyret og underutval. Protokollar vert utsende til møtedeltakarane umiddelbart etter møta, og godkjendte av møtedeltakarane innan 10 dagar etter at møtet er halde.

6.B.5 Godkjende protokollar frå landsstyret blir sende til landsstyrets medlemmer, valnemnda og stiftforbunda.

§ 7 SAKSHANDSAMING I STYRET

- 7.1 Landsstyret kan ta avgjerder når minst halvparten av medlemmene er til stades.
- 7.2 Styret gjer vedtak i alle saker med vanlig fleirtal. Ved likt stemmetal har leiar/møteleiar dobbelt stemme.

§ 8 SEKRETARIAT

- 8.1 Generalsekretæren er ansvarleg for drifta av sekretariatet.
- 8.2 Generalsekretæren har redaktøransvar for alle publikasjonar.

§ 9 STIFTSFORBUNDA

- 9.1 Stiftsforbunda tilslutta Ung kirkesang skal:
- a) leiiast av:
- årsmøtet
 - stiftstyret
- b) arbeide for stiftet sine medlemmer, jfr. § 2, i samsvar med Ung kirkesangs formålsparagraf
- c) utarbeide og vedta vedtekt i samsvar med Ung kirkesang si sentrale vedtekt. Desse skal godkjennast av landsstyret, jfr. pkt. 6.B.3 g).
- d) velje representantar til landsmøtet, jfr. pkt. 6.A.3 og 6.A.10.
- e) sende årsmelding, rekneskap og årsmøtereferat til landsstyrets sekretariat innan 2 månader etter at det er halde årsmøte.

§ 10 VEDTEKTSENDRINGAR

- 10.1 Forslag til vedtektsendringar kan fremjast av landsstyret eller stiftsforbunda. Forslag til vedtektsendringar må fremjast innan 6 månader før landsmøtet.
- 10.2 Landsstyret sender innkomne forslag, jfr. pkt.10.1, med eventuelle merknader til stiftsforbunda til uttale. Eventuelle fråsegner må være landsstyret i hende seinst 3 månader før landsmøtet.
- 10.3 Vedtektsendringar krev minst 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmer på landsmøtet.

§ 11 OPPLØYSING

- 11.1 Eventuelt forslag om Ung kirkesangs oppløysning skal handsamast på to ordinære landsmøte - og krev minst 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmer på begge møte.

§ 12 AKTIVA

- 12.1 I tilfelle forbundet blir oppløyst, oppnemner landsmøtet eit interimsstyre som består av 3 medlemmer med varamedlemmer som bestyrer forbundets aktiva.
- 12.2 Er det ikkje innan 10 år oppretta eit nytt Ung kirkesang tilfell midlane Norges Kirkesangforbund (NKSF) øymerkt barne- og ungdomskorarbeid. Dersom dette ikkje er mogeleg, kan midlane nyttast til det formål interimsstyret finn mest i samsvar med § § 1, 2 og 3 i vedtekta.